

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2016 48. årg.



Vibå spelemannslag

side 6



Olsok på Hognestad

side 8



To på samme kurs

side 16



Eit år til glede...

side 12

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19

Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32

Sekretær Bryne sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Dagleg leiar Time sokneråd:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Dagleg leiar Undheim sokneråd:

Steinar Sandvik tlf. 400 07 909

Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 77

Konst. kyrkjevege: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjevege: Olav Vegard Søyland (Sykemeldt)

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjeteran: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjeteran helg: John Inge Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Klokkar: Sofie Bratt tlf. 986 55 128

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbo tlf. 950 20 920

Barne- og ungdoms arbeider Marion Lende tlf. 904 16 888

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Dagleg leiar Bryne: Bjørn Inge Hauge tlf. 481 27 481

Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjeteran: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjeteran helg: Håkon Espesvik tlf. 413 79 422

Ungdomsarbeidar Morten Bjorland tlf. 954 48 222

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggeheim tlf. 900 34 326

Administrator Lye: Sigurd Idland (permisjon til 31.07.17)

Ungdoms arbeid: Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809

Leiar i sondagsskulen: Anne Gunn Vassbø

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjeteran: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283

Barne- og familiepastor: Tove Hersdal tlf. 922 57 342

Ungdomsarbeidar: Kjellaug Wold tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: "Tyttebær", tatt 6. september 2015 i Hjartdal av Olav Nymoen

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad og Knut Aalgaard.

Layout: Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 17. november.

Neste nr. kjem ut ca. 8. desember 2016.

Til ettertanke

«Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, det skal også dere gjøre mot dem. For dette er loven og profetene.» (Matteus, 7.12)



Jofrid Aarsland Mikalsen

Jeg har alltid vært glad i den gylde regel. Denne måtte vi skrive opp og dekorere i kristendomstimen på Rundevoll skole i Egersund da jeg var liten. Jeg ser den enda for meg, der den hang på veggen. Ideelt sett skulle jeg nå kommet med en fantastisk historie om hvordan hele klassen ble forvandlet av dette, og at det ble slutt på all mobbing og baksnakking. Det var dessverre ikke tilfelle. Men kanskje den likevel ligger i bakhodet på den enkelte, så de husker på den en gang i blant. I så tilfelle er det en seier i seg selv.

Edin Løvås forteller i boken «Oppmuntrenger» om en gutt som hadde vokst opp i en kristen familie, men som forsvant helt ut av kirken i 18-19 års alderen. Han proklamerte at han ikke var en kristen, og at han heller ikke hadde tenkt å leve etter noen kristne idealer. Foreldrene og søsknene og alle rundt ham bad, men det så ikke ut til å nytte. Formaning gjorde ham bare mer avvisende. En dag kom han for å snakke med faren. Etter å ha vært stille en stund, sa han: «Det er visst noe i dette med kristendommen likevel. Jeg må nok tenke om igjen på dette.» Faren spurte overrasket hva som hadde hendt, og sønnen svarte da: «Jo, det er Andersen, Bilen streiket, og hun gikk ut for å se etter

som er så aktiv i menigheten, han som er bilmekaniker. Han kom forbi mens jeg stod og slet med den gamle bilen min. Han var stivpyntet. Likevel krøp han under bilen for å rette på noe med eksosanlegget.» Denne gutten så en kristens helt konkrete handling, og tenkte på Gud. Ingen fine taler eller strenge advarsler fungerte. Han så Gud gjennom mennesket.

Det er flott å høre gode prekener, og selvfolgelig trenger vi evangelisering, men ofte er det kanskje lettere for andre å se Jesus gjennom oss hvis vi er gode mot hverandre, og på den måten peker helt konkret på hvem personen Jesus er.

I filmen «Gi det videre» fra 2001, gir læreren 7. klassingene i oppgave å «forandre verden». Dette resulterer i ganske beskjedne forslag, med unntak av gutten Trevor, som viser frem en helt konkret og original idé om at folk skal utføre en god gjerning for noen som trenger hjelp. Personen som mottar hjelpen, blir da utfordret til å gjøre det samme med tre andre personer, som igjen får samme oppfordring. Filmen er basert på en roman av Catherine Ryan Hyde som tar utgangspunkt i hennes egne opplevelser. Hun var ute og kjørte bil alene en kveld i et belastet strøk av Los Angeles. Bilen streiket, og hun gikk ut for å se etter

Min Salme

...I min barnslige naivitet hadde jeg trodd at Vår Herre var etterlatt på Saron på Bryne og ute av stand til å hjelpe meg.



Jan Albert Oglænd

For meg handler denne salmen om hjemlengsel, en lengsel etter trygghet, kjærlighet og glede. En lengsel etter Guds nærhet.

Som 14-åring opplevde jeg salmen første gang. Den gang beveget livet seg helt mot samfunnets ytterkant, noen ganger over kanten.

Tidlig en kveld i 1969 vandret jeg tilfeldig forbi Grønland kirke i Oslo og hørte sang innenfra. Jeg gikk inn og satte meg ned. Kirkekoret hadde øvelse: O bli hos meg – Det var overjordisk vakkert. Etter dette oppsøkte jeg enhver gudstjeneste hvor denne salmen sto på programmet. Gud fantes også i Oslo! I min barnslige naivitet hadde jeg trodd at Vår Herre var etterlatt på Saron på Bryne og ute av stand til å hjelpe meg. Så var han jo de hjelpesløses hjelper allikevel!

I Flakstad kirke i Lofoten opplevde jeg en gang organisten lver Kleives sjelfulle tolkning av salmen.

For to år siden hadde visesangeren Ole Paus konsert i Storstova. Han rundet av kvelden med : O bli hos meg, raspet og malmfull i tonen. Det gjorde et sterkt inntrykk.

– O du som ei forandres, bli hos meg: Gud er fra evighet til evighet.

Hvordan tror du verden ville sett ut med en slik «gi det videre» visjon?

«Slik skal også dere la deres lys skinne for menneskene, så de kan se de gode gjerningene dere gjør, ogprise deres far i himmelen.» Matt.5,16

Jan Albert Oglænd

► hjelpe. To menn kom da løpende mot henne, og hun ble redd og fryktet at de ville gjøre henne noe. Det eneste de gjorde, var å hjelpe henne med bilen. Senere fikk Catherine selv mulighet til å hjelpe en annen kvinne med et vanskelig problem. Da kvinnens spørre hvordan hun kunne gjøre gjengjeld, forslo Catherine at hun kunne sende stafettspinnen videre til noen andre. Catherine begynte da å tenke på hvordan verden ville sett ut hvis idéen skjøt fart. Dette resulterte i roman, film og stiftelse.

Jofrid Aarsland Mikalsen

Herrens bøn (Fadervår)

«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røysle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?

Eg finn ikkje dei retteorda. Eg kjenner meg tom når eg skal venga meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøna, kjem ofte som ei lang oppramsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, fylgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filippiane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan

kvila i. Kvart ord me kan nyitta i bøna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gâve. Herrens bøn er ei stor gâve til kvart menneske som bed, og ei gâve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekoret er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nyttta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

I Helgedagen har vi nå ein serie om Herrens bøn eller Fadervår. Bøna er kyrkjå si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed i lag med heile kyrkjå og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem tredje del.

Andre bøna:
«Lat riket ditt koma.»

Kva tyder det?
- Guds rike kjem av seg sjølv utan vår bøn, men vi bed i denne bøna at det må koma til oss òg.
Korleis kan det skje?
- Det skjer når vår himmelske Far av sin nåde gjev oss sin Heilage Ande, så vi trur hans ord og lever som kristne her i tida og sidan i æva.

(Frå *Den vesle katekisma i Norsk Salmebok 2013, s1282*)

Det andre svaret er at Guds rike er her, her og no, i og ved dei som har kome til tru på nåden i Jesus Kristus. Slik står det i Kolossarane 1,13-14:

«For han (Gud, vår Far) har fria oss ut frå mørkrets makt og ført oss over i riket til Sonen, som han elskar. 14 I han er vi frikjøpte og har fått tilgjeving for syndene.»

Det tredje svaret er at Guds rike er riket som Gud skal oppretta ved enden av tida. Det er riket me les om i Matteus 25,34: «Så skal kongen seja til dei på høgre sida: 'Kom hit, de som er velsigna av Far min, og ta i arv det riket som er gjort i stand til dykk frå verda vart grunnlagd.»

Det er dette riket, det evige riket, himmelen, det nye Guds rike, som Luther seier kjem av sjølv. Ein dag gjer Gud alle ting nye. Det skjer anten me bed han om det eller ikkje. Det er hans plan og vilje frå jorda vart grunnlagd. Og så gjev Gud oss i gâve, at dette riket får me bed om skal bli vårt. Be om at du skal få del i riket der «Gud sjølv skal vera hos dei. Han skal vera deira Gud. Han skal tørka kvar tåre frå auga deira, og døden skal ikkje vera meir og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pine. For det som ein gong var, er borte.» (Openberringa 21,3-4)



Foto: KAA

Herrens bøn (Fadervår). Bøna er retta mot første personen i Gud, Faderen

Dette er mykje meir enn det me skjønar å be om. Jesus lærer oss å be Far om å få del med han i alt, slik Jesus bed Far om å få del med han i alt. Vi har ein arv som ligg og ventar på oss i himmelen.

Så bed me at dette riket, her og no, må bli vårt ved trua. Me bed at me må få stola på og kvila i, at me er frikjøpte og har fått tilgjeving for syndene. Me bed at Kristus ved trua må ta skapnad i oss og at me lærer å ta kvar tanke til fange i lydnad mot Kristus. Me bed om at Far, ved Anden må opna ordet for oss, så me legg av det vonde og strekkjer oss etter det gode. Me bed at våre liv må bringa Jesus nær til einkvan, så Jesus kan bringa riket nær til han eller henne.

Far, lat riket ditt koma.

Gunnar Frøyland

Kva er Guds rike?

Bibelen gjev oss tre svar på dette spørsmålet. I Salme 24,1 les me: «Jorda og det som fyller henne, høyrer Herren til, verda og dei som bur der, er hans.» I kraft av at Gud har skapt jorda er jorda hans. Den er hans rike.

Herrens bøn - "Vår far"

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din ráda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

Feiande flott folkemusikk med Vibå spelemannslag i Time-kyrkja



Den glade gjengen i Vibå spelemannslag. Frå venstre: Gaute Hadland, Mari Ask Helland, Stig Helgeland, Per Søyland, Tone Stølsvik og Kjell Gisle Nilsen



Jan Albert Øglænd med tussefløyte

Søndag 14. august skulle gudstenesta ha vore ved Fotlandsfossen, men været gjorda at me flytta oss til Time-kyrkja. Vibå spelemannslag flytte heldigvis med!

Seks musikantar i gruppa gav oss ei fin musikk-oppleveling. Det byrja allereie med preludiet: Vals etter Sjur Helgeland, Voss. Litt artig å sjå korleis rytmen lea på hovud og føter i forsamlinga! Elles fekk me òg høyra springar frå Voss (Ivar Fuglestad) og endå ein vals: Den drøymde frå Bjerkeim.

Fint var det også å høyra tre tussefløyte-framføringer ved **Jan Albert Øglænd**, to av Egil Storbekken, og i tillegg ein folketone utøvaren hadde hørt på radio.

Mari Ask Helland i spelemannslaget kunne ikkje berre spela på fele, ho er også songar. Me fekk høyra ei vakker framføring av Brorson-salma : Jeg går i fare hvor jeg går – med melodi etter Torbjørg Aamlid Paus frå Valle i Setesdalen.

Vibå spelemannslag har vore med fleire gonger på gudsteneste i Time kyrkje. Det er så flott å få andre musikkinntrykk enn dei mange av oss har til vanleg! Personleg får eg vekt minne om folkemusikkhalvtimen som var på radioen i "gamle dagar". Far min likte å høyra på den, sikkert ungdomsminne frå Sogn og Hallingdal. Sidan han var vekependlar, var det ekstra stas med søndag og far heime. Eg ser enno for meg korleis tøffelen hans duppa etter takta i musikken!

Me ser fram til nye møte med Vibå spelemannslag!



Mari Ask Helland – som også var songsolist

Tekst og foto: LHH

Korleis påverkar religion prosessen med å meistre psykose-liding?



Disputasdagen starta med prøveforelesning før sjølv disputasdelen. Her er Hilde Hanevik saman med bedømmingskomiteen og disputasleiaren like etter det heile er vel overstått. Bak frå venstre førsteamanuensis Randi Ulberg, Universitetet i Oslo, Professor Inger Beate Larsen, Universitetet i Agder (2. opponent), professor Egil Wilhelm Martinsen, Universitet i Oslo (disputasleiar) og professor emeritus Owe Wikstrøm, Teologisk fakultet, Uppsala (1. opponent).

Hilde Hanevik frå Bryne forsvarte si doktorgradsavhandling 29. august ved disputas på det medisinske fakultetet, Universitet i Oslo.

Hilde er overlege på Jæren DPS si psyko-seavdeling og avhandliga heiter: "**The significance of religiousness in coping with psychosis**".

I følgje informasjon som er lagt ut av fakultetet konkluderer avhandlinga med at: "religiøsitet

kan være livreddende, men også øke sykdomsbelastningen. Religiøse forestillinger bør derfor ha et naturlig fokus i terapi for pasienter med psykoselidelse."

Hilde er også kunst- og uttrykksterapeut. Og ved disputasen fortalte ho at ei kunstgruppe som ho starta for noen år sidan, inspirerte til vidare forskning. Fleire av medarbeidarane på Jæren DPS har vore med og samla inn data til oppgåva.

Hilde Hanevik skal ha føredrag om "Tru til glede og byrde" ved kveldsgudstenesta i Bryne kyrkje 25. september. Dette er ei av fire kveldsgudstenester i haust med trushistoriar som tema. "Er det sunt, sant og salig å tru?"

RT



Minnerik olsokfeiring på Hognestad



Olsokvandringa vart avslutta med messe ved heimehuset til Peter Hognestad

Olsokvandringa starta ved det gamle skulehuset og vart avslutta med messe ved huset der salmekunstaren vart født for 150 år sidan. Det var godt frammøte sjølv om det hadde vore kraftig regnver det meste av Olavsdagen.

Å feira Olsok i Peter Hognestad sitt landskap var naturleg både som ei av mange markeringar i jubileumsåret og fordi biskop Hognestad i si tid var ein føregangsmann for å feira olsok og markera Olavssarven. Det var Time sokneråd, Time historielag og representantar for familien som nå inviterte. Feiringa vart ei stor oppleving. Ekstra stas at regnet heldt opp, og då vart lufta så rein med god eim frå naturen. Ved starten orienterte Tarald Oma om skulehuset der Peter Hognestad gjekk på folkeskulen.



På Kadlaberget fortalte Bolette Hognestad Ree om Peter Hognestad sine barneår og leiken dei hadde på denne staden

Då vandringa var ferdig og messa tok til i Hognestadtunet, hadde skydekket brukke opp og kveldsola smilte. Sokneprest Stein Ødegård trakk i talen linjer tilbake til Olavssarven og siterte frå biskop Hognestad sin tale ved 900-årsjubileet på Stiklestad. Han viste at Hognestad sine velformulete tankar er like relevante for oss i dag.

Med nydeleg trompetspel sørga Glenn Rugland for at salmesongen vart ekstra stemningsfull på heile turen. På tunet var Oddny Underhaug med på orgel. Orgelet var kreativt plassert for å bli beskytta for regn.

RT



Etter messa inviterte Åslaug Undheim og Øyvind Nordsletten til heimelaga hylleblomsaft, kaffi og kaker i nabotunet

Boklansering og jubileumsgudsteneste

Finalen i jubileumsåret for biskop Peter Hognestad, vert feira med festgudsteneste i Time kyrkje sundag 13.november kl 11.00.

Me er på nærmeste søndag for fødselsdagen hans for 150 sidan. På sjølv dagen 12. november blir Per Halse sin store biografi om Peter Hognestad lansert på Garborgsentret. Tidlegare i år har sokneråda og Time historielag både hatt stor kulturveld og olsokvandring på Hognestad. Festgudstenesta er felles for Time og Bryne sokn. Liturgi og preike blir ved prosten i Jæren, Kjell Børge Tjemsland og ved sokneprest i Bryne, Stein Ødegård. Det blir helsingar ved Per Halse og ved Ottar Grepstad, som er direktør i Nynorsk Kultursentrum.

Salmar og musikk får ein stor plass denne dagen. Blandakoret Jærklang syng fleire av Peter Hognestad sine salmar, dels saman med forsamlinga og med Glenn Rugland på trompet.

Familien som Peter Hognestad vaks opp i, var musikalsk. På gudstenesta vil Tone Lea nyttre celloen til far til Peter Hognestad, Hans Eivind.

Me håpar mange vil ha stor glede av denne finalen i jubileumsåret, og slik feira den varige betydninga av Peter Hognestad sin store innsats for nynorsk kyrkjespråk. (Sjå annonse nedanfor)

Stein Ødegård



Peter Hognestad

Festgudsteneste 150-årsjubileum for Peter Hognestad

Time kyrkje
søndag 13. nov. kl 11.00

Prost Kjell Børge Tjemsland og sokneprest Stein Ødegård Helsingar ved biograf Per Halse og ved direktør Ottar Grepstad frå Nynorsk Kultursentrum. Blandakoret Jærklang syng. Trompet ved Glenn Rugland. Cello ved Tone Lea

LUKAS er i gang att!



Fakta: LUKAS
er eit ungdomskor på Lye
forsamlingshus
Aldersgruppe:
Frå 8. klasse og oppover
Koret har øving annankvar
torsdag 19.30 – 21.30
Dirigent: Ragnhild
Hanssen

Maria, Henriette og Åsne har sunge i Agape før. Nå er dei klare for ungdomskor!

Torsdag var det stor spenning på forsamlingshuset på Lye – ville det koma songarar til re-startinga av LUKAS? Ungdomskoret var stort på 1990-talet, 75 – 80 medlemmer, men har lege nede ei tid.

Det er faktisk tredje gong at koret startar att! I tillegg til dirigent Ragnhild, var også Anna Bergitte og Frode Skårland, Vegard Hanssen og Jorunn Ueland med på denne første øvinga i LUKAS. Dei hadde også fått med Sverre Frantzen som teknikar. Vaksenleiarane lurtar på om det kanskje berre vart dei som kom, men rundt halv åtte kom 8 ungdommar. Endå to til vil vera med, men dei kunne ikkje møta denne kvelden.



Ragnhild Hanssen dirigerer




Frode Skårland ved pianoet – Vegard Hanssen på bass



I gang med første song



Kort andakt ved Frode Skårland



Teknikar Sverre Frantzen

Og så var dei i gang! Ungdommane fekk høyrat at det var flott dei kom. Koret skulle vera ein gild stad å vera - sosialt, åndeleg og musikalsk. Kvalitet på arbeidet ville det bli satsa på, og det kom fram frå første tone. Etter grundig og morosam oppvarming, gjekk dei rett på første songen: "We believe". Intens øving der alle var ivrig med. Det var ei fin oppleving å få høyrat glade Lyeungdommar med dyktig og entusiastisk dirigent og musikarar! Ragnhild vart spesielt glad for at det var to guitarar med, herrestemmene begeistra henne! Om lag midt i øvinga hadde Frode Skårland ein kort andakt ut frå innhaldet i "We believe", første songen deira. Jorunn hadde baka kake til denne første øvinga, så det blei kort matpause etterpå. - Gjerne ikkje kake kvar gong, sa ho, men mat blir det! Kaka vart i alle fall sett pris på!

Helgedagen lurtar på bakgrunnen for namnet LUKAS, var det evangelisten - eller noko anna? Dei tre første bokstavane står for Lye UndomsKor, og AS-et bak står for aksjeselskap, sidan det i starten vart selt aksjer for koret. Geir Bjelland, som òg er innom denne kvelden, trur at det framleis kan liggja aksjebrev i skuffer og skåp på Lye. Passa jo godt med AS bak LUK, så vart det LUKAS!

Geir Bjelland skal òg vera med som vaksenleiar, på trommer. Saman med Frode og Vegard utgjer dei nå bandet til LUKAS. Seinare ønskjer dei å gje ungdommane sjølv høve til å vera med som musikarar. Koret er ope for alle, først og fremst for Lye-buar, men også for ungdommar andre stader frå. LUKAS har fått ein god, ny start, og dei har dugande medarbeidarar rundt seg, så - ungdommar, finn vegen til Lye på neste øving! Her blir det gildt å vera med! Signing over arbeidet vidare!

Tekst og foto: LHH



Oppvarming!



Kake er godt!

Eit år til glede.....



Thorvald og Ingunn Pollestad er tilbake på Bryne etter nesten eitt år som volontørar i Israel

Ekteparet frå Bryne har vore i Israel mange gonger og har eit stort hjarte for folket der.

– Vi har lenge kjent på at det var noe vi skulle bidra med der nede. Noe Gud ville vi skulle gjera, fortel Ingunn då Helgedagen møter dei heime på Tangen. – Ein dag såg eg at Israelsmisjonen averterte etter «handy man» for å hjelpa vanskelegstilte i Israel. Eg måtte ringa til Thorvald på jobb for eg følte sånn på at dette var for oss.

Thorvald er byggmeister av yrke og var då driftsleiar på Øksnavad vgs. Han hadde høve til å gå av med AFP.

Og slik vart det. I august i fjor sette dei seg på flyet til Israel. For Israelsmisjonen var dette eit prøveprosjekt fram til sommaren 2016. Dei fortel om eit fantastisk interessant og givande år i Haifa. Dei var knytta til den messianske menigheten Beit Elijah og Israelsmisjonen skaffa leilegheit.

– Eg skulle hjelpe folk med praktisk arbeid der dei budde, fortel Thorvald. – Det var folk som ein visste hadde behov for hjelp. Dei fleste leide leilegheit, men det var kontraktfesta at leigetakar skulle halda den vedlike. Bygningane var mest i stein, og det vart noen utfordringar blant anna med rust i betongen. Men det gjekk fint. Israelsmisjonen skaffa utstyr, og eg arbeidde åleine 7 ½ time kvar dag. Mange leilegheiter pussa eg opp i tillegg til noen mindre prosjekt innimellom. Eg reiste med buss og vart såleis godt kjend med buss-systemet og med området i og rundt Haifa.

Korleis reagere folk på at du gjorde dette gratis?

– Dei var overraska, glade og takknemlege. Og eg fekk møta mange menneske med ulik bakgrunn og ulik religion. Alt fra Holocaust – overlevande til ei som var buddhist. Det er minne eg vil hugsa lenge. Då eg var ferdig i leilegheitene, fekk alle ein bibel. Det var veldig fint.

Ingunn fortel om mange gode møte med folk. Ho var med på ulike

arenaer og møtte mange skjebner. – Vi ville bidra med noko positivt i kvarldagen. Ja, visa nestekjærlek og prøva å vera «Jesu hender og føter».

Personar som de hugsar spesielt godt?

Det er mange, seier Ingunn. Ei jødinne på 38 år fekk vi ekstra omsorg for. Ho hadde hatt ein svært vanskeleg barndom, og hadde budd mange år på gata. Ho var Messias-truande og studerte. Ein periode budde ho om lag ein gong i veka i leilegheiten vår. Også ein latvisk jente som eg hadde gode samtaler med, vil eg hugsa godt.

Dei fortel begge at dei kjende seg trygge og beskytta, og nemner eit eksempel på samhaldet: – På tross av uro i Israel var vi på hausten over tusen samla på ein sabbat til felles gudsteneste oppe i ein skog i Nord Israel. Av desse var omlag 24 pastorar og leiarar. Det var jødiske messianske menigheter og arabiske kristne som møttest til lovesong og bøn. Verda ville knapt trudd det som skjedde i skogen i Galilea. Vi var eitt i Kristus!

Naboar, dei fleste var arabarar, var høflege og hyggelege. – Vi har fått herlege vene i Israel. Vi har dei med i hjarto, og tek dei med i bøn. Når Gud har starta noe, vil han fullføra det. Gud vil møta dei i hjarta, seier Ingunn.

Kva var størst utfordring i desse 10 månadane?

Heilt klart å vera borte frå barn og barnebarn så lenge. Vi hadde jamnleg kontakt på Skype, men særleg for barnebarna var det likevel vanskeleg, meiner dei begge.

Kva er utfordringa til folk i Norge?

– Be om fred i Jerusalem og Midt Austen. Anten ein er heime eller ute er ein del av noe større enn seg sjølv. Misjon er verdas håp, avsluttar Ingunn.

RT

Ærlighet



Eg fann dette utklippet av ukjent forfattar her om dagen
- det sette tankane i sving...

Hvordan står det til? spør du, og jeg gir deg det vanlige svaret. Takk, bare bra! sier jeg, fordi tonen i stemmen din og nøklene i hånden din antyder at du ikke har tid til å stoppe og lytte; du er mer høflig enn opptatt av meg. Og derfor forteller jeg deg ikke at alt i min tilværelse er grått i dag; jeg er bekymret og syk med tanke på Johan; at jeg har vært skarp mot mekanikeren som bare er halvferdig med bilen, og at frykten for arbeidsløshet lurer sterkt i livet mitt.

Hvis jeg trodde du virkelig brydde deg om meg... Jeg ville så gjerne snakke med noen, vite at et annet menneske forstod. Men jeg trenger et eller annet fra deg – et ord, et blikk, et klapp – for at jeg skal fortelle deg hvordan jeg virkelig har det.

Og likevel.... kanskje jeg har feilvurdert deg? Kanskje jeg har tatt fra deg muligheten til å gi meg noe du så gjerne ville gi ... hvis du visste?

Øyeblinket er over nå, men neste gang vil jeg forøke å være mer villig til å ha tillit til deg. Og når jeg spør deg: hvordan står det til? vil jeg prøve å lese svaret i øynene dine, bevegelsene dine og stemmen din like mye som i ordene dine. Jeg vil være forberedt på å lytte og dele din sorg eller din lykke; og la deg vite at det er en ved siden av deg som bryr seg om deg og ønsker å gi deg det du har behov for.

Kjenner du deg att i desse linjene? Er det slik me møter medmenneska våre?

Overfladiske og fråverande?

Eg berre spør.....

AV

Trusopplæring i Den norske kyrkja



Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt itru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus - frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring

Me deler kristne tradisjonar og verdiar

Me deler opplevingar og fellesskap

Me deler håp og kjærleik

Undheim:



Søndag 2. oktober: Hausttakkefest med CD til to-åringane.

Babysong: 28/9, 26/10, 9/11, 23/11, 7/12. Babysong er samtidig med den opne barnehagen i kyrkja. Barnehagen har ope kvar onsdag mellom 10-12 (følgjer skuleruta). Eldre søsken kan vera i barnehagen medan det er babysong oppe i kyrkja.

Lye:

Småsong/Lykkelen open barnehage på Lye forsamlingshus: Barnehagen har ope frå 0930-1230. Songstund kl 1030-1100. 5/10, 19/10, 2/11, 16/11, 30/11



For 4-åringar:

Adventsklubb for fire-åringar:

Bryne: 6/12, 7/12

Lye: 5/10, 12/12, 19/12

Hognestad og Vestly: 30/11, 7/12 og 14/12

Undheim: Dataar ikkje sett

